

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Vassbering

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard: Heltland

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjæveland, Heltland i Bjerkreim, 76 år gaml.

## SVAR

1. I eldre tid bar dei heim vatnet til gards med vassak. Me kallar det "et òg", bünde form òggje (med lang tung ø-lyd) skrivið øk. Det låg på bae akslene, var uthola for akslene og halsen så det kvilte godt på nakken. Andre typer var ikkje i bruk. Så lenge folk minnest hadde dei tunne jernkjettingar til band med krokar i enden. Dei bar vatnet i hælötter. For 50-60 år sidan fekk folk jamt over andre måtar vatn til gards, og då vart det slutt på vassberinga.

2 og 3. Ingen ting som er spürt om i desse spørsmålet er her vore brukt i Nedre bygda i Bjerkreim.

4. Det var serleg tenavar og vaksne heimeverande born som hadde vassberinga.

5. No er det ingen stad i bygda dei bar vatn med øk, men gamle folk minnest godt den føle vassberinga.

6. Om vinteren når kyrne stod inne, kjørde dei ofte vatn i firkanta kjer eller tønner dei sette på slede eller i møkekjerra. Om sumaren bar dei alt vatnet til húsbruket.

7. Dei hadde eit felt kar med ei få vatn til gards før. Lunde bygde fjøset attmed eit vass-sig, ei kjella. Or den tok dei vatn til fjøset. Dei kalte denne kjella i bünde form (tostavingsstovlag): floen (ein fløe). Mange stader var vatnet der så ureint at dei kunne kje nytta det til húsbruk. Det var dei som grov ~~djupa~~ veiter frå ei eller vatn så vatnet kom nærare heim. Mange grov djupe brønner og sveivde vatnet opp med ein bom. Lunde hadde med store tre-pumper. For 50-60 år sidan tok folk til ei leggja inn springvatn (rojr av jern). Men då la dei alltid berre inn i fjøset. <sup>stort</sup> Aldri i kjøkken eller kjellaren. Så alt vatnet húsmera hang lant ho bera frå fjøset. Men i dei siste 10-15 åra har dei fleste fenge vassspring i kjøkken så. Men enno er det stader der dei ikkje har i kjøkkenet, serlig der dei pumpra vatnet frå brunn eller elv.

Ok nytta dei enno no og då, når dei skal bera guse tungt, t.d. mjølkespann, klede som skal skylast i bekken, eller mat til húsdyra. Men no er det berre sinkbytter som vert brukt. Trebøttene høyrer svart til saga.

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Rogaland  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bjerkreim  
 Emne: Vassbering Bygdelag: Nedre bygda  
 Oppskr. av: Jørgen Skjøveland Gard: Hetland  
 (adresse): Vikeså G.nr. Br.nr.

A. ~~Merk av om oppskrifta er etter eiga reynse.~~

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
**Anna Skjøveland, Hetland i Bjerkreim, 76 år gml.**

## SVAR

1. I eldre tid bar dei heim vatnet til gards med vass-  
 åk. Me kallar det "et óg, bunde form ógjæ (med lang  
 trong o-lyd) skrivst ok. Det låg på bae akslene/og hal- var utho-  
 sen så det kvilte godt på nakken. Andre typer var ikkje la for  
 i bruk. Så lenge folk minnest hadde dei tunne jern- akslene  
 kjettingar til band med krokhar i enden. Dei bar vatnet  
 i trebøtter. For 50-60 år sidan fekk folk jamt over  
 andre måtar vatn til gards, og då vart det slutt på  
 vassberinga.

2 og 3. Ingen ting som er spurt om i desse spørsmålet  
 har vore brukt i Nedre bygda i Bjerkreim.

4. Det var serleg tenarar og vaksne heimeverande born  
 som hadde vassberinga.

5. No er det ingen stad i bygda dei ber vatn med ok,  
 men gamle folk minnest godt den fæle vassberinga.

6. Om vinteren når kyrne stod inne, kjørde dei ofte  
 vatn i firkanta kjer eller tønner dei sette på slede  
 eller i møkekjerra. Om sumaren bar dei alt vatnet til  
 husbruket.

7. Dei hadde eit følt kav med å få vatn til gards  
 før. Sume bygde fjaset attmed eit vass-sig, ei kjella.  
 Or den tok dei vatn til fjaset. Dei kalte denne kjella  
 i bunde form (tostavingstonelag) : floen (ein floe)  
 Mange stader var vatnet der så ureint at dei kunne kje  
 nytta det til husbruk. Det var dei som grov veiter frå  
 å eller vatn så vatnet kom nærmare heim. Mange grov  
 djupe brønner og sveivde vatnet opp med ein bom. Sume  
 kavde med store trepumper. For 50-60 år sidan tok folk  
 til å leggja inn springvatn (røyr av jern). Men då la  
 dei alltid berre inn i fjaset. Stort aldri i kjøkken  
 eller kjellaren. Så alt vatnet husmora trong laut ho  
 bera frå fjaset. Men i dei siste 10-15 åra har dei  
 fleste fenge vassspring i kjøkken au. Men enno er det  
 stader der dei ikkje har i kjøkkenet, serleg der dei  
 pumpa vatnet frå brunn eller elv. Ok nytta dei enno no  
 og då, når dei skal bera ymse tungt, t.d. mjølkespann,  
 klede som skal skylast i bekken, eller mat til husdyra.  
 Men no er det berre sinkbytter som vert brukt. Trebøt-  
 tene høyrer snart til saga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

707

BYGDØY

Bell avskrift L. Aall.


NORSK ETNO OG ISK GRANSING  
ADR. NORSK FOLKEUSENE  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan  
bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over  
aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret  
hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten  
mothake på stonga gjorde at handtaket på bötta ikkje gleid.  
Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over.  
Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre  
frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har  
vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon  
i Dykkar bygd noko om det ?

*Nei, me kjenner ikkje til dette.*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka  
fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei*